



Arkivnr: -

Saksbehandlar:

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om evaluering av fv 567 gjennom Hosanger

Bakgrunn for saka:

I samband med handsaming av «RS 18/19 Statens vegvesen evaluerer ikkje omlegginga til ca 50 mill kr av fv 567 gjennom Hosanger» i møte i kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 07.05.2019 vart det gjort slikt vedtak:

«Kontrollutvalet ber konst. fylkesrådmann skriftleg orientere til neste møte om sitt syn på saka og om, og i tilfelle kva som er gjort/vil verta gjort frå Hordaland fylkeskommune si side i saka. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 23.05.2019.»

På bakgrunn av vedtaket over handsama kontrollutvalet saka i møta 12.06.2019 og 02.09.2019 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen og Statens vegvesen til orientering.*
- 2. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte for å orientere om sitt syn på saka. Utvalet vil sjå det som ei føremon at Statens vegvesen også deltar i møtet.*

Drøfting:

Som grunnlag for handsaminga av saka i møte i kontrollutvalet 02.09.2019 låg notat med vedlegg frå fylkesrådmannen. Av notatet gjekk det mellom anna fram at Statens vegvesen har svart Lars Mjøs på hans henvending dagsett 29.03.2019. Det er i svaret også signalisert at Statens vegvesen kjem til å følge opp ein del av punkta vidare. Av svaret gjekk det også fram at fylkesrådmannen har svart ut nytt brev frå Lars Mjøs dagsett 04.06.2019. Det er også gjort ei vurdering av brev dagsett 25.06.2019 frå Gaute Røsland i det mottekne notatet. Vidare fekk kontrollutvalet e-postar med vedlegg direkte i høve denne saka frå Lars Mjøs dagsett 26.08.2019 og Mjøsdaalen grendaråd dagsett 28.08.2019. Alle desse dokumenta ligg ved saka.

Konklusjon:

Det er gjort avtale om at fylkesrådmannen og Statens vegvesen kjem i dette møtet for å gjera greie for sitt syn i saka og svare på spørsmål frå kontrollutvalet. På bakgrunn av det som kjem fram i denne orienteringa vert det tilrådd at kontrollutvalet drøftar seg fram til ein konklusjon i saka. Saka vert difor lagt fram utan forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Fv 567 Hosanger sentrum - Svar på brev frå Lars Mjøs av 04.06.19
- 2 Svar frå SVV på Lars Mjøs sitt notat av 05.11.18
- 3 Fv 567 Hosanger sentrum - budsjettomtale og omtale i årsrapportar
- 4 Hosanger sentrum - fylkesrådmannen sitt notat til kontrollutvalet 12.06.19
- 5 Vedlegg 4_Lars Mjøs sitt notat av 04.06.2019
- 6 Vedlegg 5_brev frå Gaute Røsland
- 8 Mjøsdaalen-grendaråd